



Øystre Slidre kommune

Alkoholpolitiske retningslinjer  
Alkoholpolitisk handlingsplan 2020 - 2024

## Innhold

Omsyn som ligg til grunn for løyvepolitikken i Øystre Slidre kommune:.....	3
Styringsverktøy.....	3
Styrande prinsipp i Øystre Slidre kommune: .....	4
Definisjonar .....	4
Grupper alkoholhaldig drikk.....	4
Sal og skjenking .....	4
Retningsliner for sals- og skjenkeløyver .....	5
Skjenkeløyver .....	6
Punktavhold.....	6
Løyve blir tildelt etter arten av serveringsstad .....	6
Verksemder unnateke frå å få skjenkeløyve .....	6
Skjenketider fastsett for serveringsstader etter art.....	7
Salsløyve .....	8
Salstider for alkohol gr. 1 .....	8
Nettsal av alkohol gr.1.....	8
Informasjon til eigarar av forsamlingslokale .....	8

## Omsyn som ligg til grunn for løyvepolitikken i Øystre Slidre kommune:

- **Alkoholovens formål, § 1:**  
«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»
- **Forbrukaromsyn**  
Alkohol er ei legal vare som forbrukarane i rimeleg grad skal kunne ha tilgang til.
- **Næringsomsyn**  
For eit lokalsamfunn som i stor grad er basert på turisme, er det vesentleg at næringa har driftsvilkår som gjer at ho står fram som attraktiv for dei aktuelle hovudmålgrupper. Alkoholservering er for dei fleste næringsdrivande eit naturleg element i dette produktet.
- **Bedriftsomsyn**  
For den einskilde bedrift bør kommunen sin løyvepolitikk vere så føreseieleg som mogleg.
- **Lokalmiljø**  
Karakteren av og talet på skjenkestader påverkar og lokalmiljøet omkring.

Det kan vere meir eller mindre klåre motsetnader mellom desse omsyna. Den faktiske løyvepolitikken må difor bli eit resultat av ei avveging mellom fleire omsyn.

## Styringsverktøy

Dei reguleringar som kommunane rår over etter alkohollova gjeld i hovudsak:

- Om det skal gjevast løyve/til sal/skjenking eller ikkje
- Kva for slags type løyver ein ønskjer å ha i kommunen
- Om det skal settast «tak» på tal sals- og skjenkeløyver ein skal ha i kommunen
- Kva type alkoholhaldig drikk løyva skal gjelde for
- Kva tid som skal gjelde for sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarar

## Styrande prinsipp i Øystre Slidre kommune:

1. Hovudmålet er å redusere det generelle alkoholkonsum, og å redusere talet på drikkesituasjonar og alkoholkonsumet pr. situasjon.
2. Løyvepolitikken skal hindre at alkoholbruk vert introdusert som eit naturleg element på område og i situasjonar der det ikkje er vanleg og legalt.
3. Kommunen skal ha ein løyvepraksis som ikkje gjev uheldige konkurransemessige utslag for turistnæringa samanlikna med andre distrikt i landet.
4. Kommunen vil legge vekt på at området i særleg grad står fram som attraktivt for familiar.
5. Kommunen vil i utgangspunktet gradere omfanget at eit skjenkeløyve etter den arten verksemda har.

## Definisjonar

### Grupper alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk: drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol

Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.1: drikk som inneheld over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.3: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

### Sal og skjenking

Med sal forstår vi utlevering av alkoholhaldig drikk til forbruker mot vederlag, for drikking utanfor salsstaden.

Med skjenking forstår vi utlevering av alkoholhaldig drikk til forbruker mot vederlag, for drikking på salsstaden.

## Retningslinjer for sals- og skjenkeløyver

1. Dei einskilde søknader om sals- og skjenkeløyve vert behandla i samsvar med dei alkoholpolitiske prinsippa som er uttrykt i desse retningslinene.
2. Løyveperioden vert normalt sett til 4 år, med slutt seinast 30.september etter at nytt kommunestyre tiltrer.
3. Sals- og skjenkeløyve kan bli nekta på grunn av negativ uttale frå politiet om søkjaren sin vandel når tilhøvet er knytt til alkohollova eller annan lovgjeving som har samanheng med føremålet i alkohollova, eller frå skatte- og avgiftsmyndigheitene om vandel i høve til denne lovgjevinga.
4. Ved tildeling og fornying av løyvet vert det lagt vekt på at søkjaren kan reknast for eigna til å inneha eit løyve. Det skal takast omsyn til eventuelle tidlegare brot på vilkår knytt til løyve eller til uheldige ordenstilhøve på staden.
5. a) Rådmannen kan gi dispensasjon for store arrangement og festivalar.  
b) Rådmannen kan gi retningslinjer for det enkelte arrangement.  
c) Rådmannen kan gi løyve å skjenke fram til kl.03.00 for lukka lag.
6. Ved handsaming av ein løyvesøknad skal det gjerast ei konkret vurdering der det vert lagt vekt på skjenkestaden sin lokalisering, storleik, art og målgruppe. Negative røynsler med tidlegare driftsform, trafikkale og ordensmessige tilhøve og omsyn til lokalmiljøet skal leggest vekt på.

# Skjenkeløyver

## Punktavhold

Punktavhold vert gjennomført på følgjande stader og i følgjande situasjonar:

- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved idrettsarrangement.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement eller aktivitet som i stor grad er retta mot barn og unge.
- Det er likevel høve til å gje skjenkeløyve på turiststader i kommunen når dette er eit driftsvilkår som er dårlegare i vår kommune enn på turiststader der det er naturleg å samanlikne oss med.

## Løyve blir tildelt etter arten av serveringsstad

### a) Restaurantar

Løyvet kan omfatte alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

### b) Frittstående barar i overnattingsbedrifter og restaurantar med dans

Løyve kan omfatte alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

### c) Diskotek

Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

### d) Pubar

Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2)

### e) Utandørs serveringsareal

Det vert føresett ei på førehand definert og klår avgrensing av arealet og at dette ikkje er i nær tilknytning til mykje trafikkerte område. Serveringsarealet er del av ein ordinær serveringsstad med skjenkeløyve. Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

### f) Selskapslokale

Det kan gjevast ambulerande løyve til slutta lag og løyve for einskildhøve. Løyve kan gjevast for alkohol gr.3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

### g) Kafé/Kafeteria

Løyve kan gjevast for alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

### h) Campingplass

Løyve kan gjevast for alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

## Pengespel

Det skal ikkje gå føre seg pengespel i lokala der det blir servert alkoholhaldig drikk.

## Verksemder unnateke frå å få skjenkeløyve

Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve til kioskar, bensinstasjonar ref. alkoholforskrifta sin § 3-4. Med bensinstasjon forstås vi utsalsstad som i det vesentlege sel bensin, olje og andre varer som er naudsynt for drift eller vedlikehald av motorkøyretøy og motorbåtar.

Det blir heller ikkje gjeve skjenkeløyve til gatekjøkken, frisørsalongar eller i tilknytning til kjøpesenter.

## Skjenketider fastsett for serveringsstader etter art

- a) Restaurantar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- b) Frittståande barar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- c) Diskotek og restaurantar med dans – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- d) Pubar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- e) Utandørs serveringsareal – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00. Det er eit vilkår at musikk ikkje blir spela etter kl.23.00. Uteservering skal gå føre seg utan nemneverdig sjenanse for forbi-passerande og bebuarar i nærleiken av serveringsstaden.
- f) Selskapslokale – skjenking skal avsluttast seinast kl.03.00.
- g) Kafé/kafeteria – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00.
- h) Campingplass – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00

Lukketidspunkt for serveringsstadane vert som hovudregel sett til 30 minuttar etter utløp av skjenketida, dette følgjer av alkohollova sin § 4-4, 6.ledd.

## Salsløyve

### Salstider for alkohol gr. 1

Alkohol gr.1 kan seljast i den tida daglegvarebutikkane er opne, likevel ikkje før kl.08.00 og lenger enn til kl.20.00 på kvardagar og kl.18.00 på dagar før søn- og heilagdagar, unnateke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Sal av alkohol gr. 1 skal ikkje skje på søn-, heilagdagar, 1. og 17. mai.

Føresegene om salstider for alkohol gr. 1 samsvarar med maksimale salstider i alkoholloven § 3-7.

### Nettsal av alkohol gr.1

Det vert ikkje gjeve løyve til nettsal av alkohol gr. 1.

## Informasjon til eigarar av forsamlingslokale

Kommunen skal informere alle eigarar av forsamlingslokale om lovkrav til ambulerande løyve og løyve for einskildhøve ved eventuell alkoholserving i lokala.

Sist godkjent av kommunestyret 18.06.2020

